



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 02.10.2017

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Camilla Johansen, Randi Øygarden (ref).
Sykkelgruppa v/Henk Stel, handballgruppa v/Grete Venås og skigruppa v/Else Eilefstjønn.
Fråfall: A-laget, fotballgruppa, friidrettsgruppa og ridegruppa.

Sak 41/17 Godkjenning av referat frå styremøte 08.05.2017

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 42/17 Søknad om dekning av utgifter ved HL 2017 på ski Tolga

SIL har fått ein søknad frå Jørund Heggelund Grave pålydande kr 2217,-, søknaden godkjent av styret.
Elles har me fått inn ein søknad til som blir behandla når søknadsfristen for støtte er ute (10.10.17).

Sak 43/17 Evaluering/info frå årets Dyrsku

SIL ser seg fornøgd med årets Dyrsku, som gav eit godt økonomisk resultat. Det har imidlertid vore nokre utfordringar mtp mannskap. Dette er vanskeleg å beregne, da besøkstala varierar sterkt frå år til år. I år opplevde me "overflod" av mannskap på fredag, mens ein mangla ein del arbeidshender på laurdag. Me har fått tilbakemeldingar på at det er behov for fleire vaksne i nokon av utsala og det er også kome inn forslag om å auke aldersgrense for å jobbe i kiosk, frå 13 til 14 år.

Sak 44/17 Rapport frå undergruppene med årshjul handlingsplan og økonomi

Årshjul:

20. Søknad Gjensidigestiftelsen – ikkje søkt i år. Fekk støtte til garasjebygg i fjor, hadde ingen spesielle prosjekt å søke på i år.
21. TV-aksjon – 22.10.17 – skivar har ansvar for denne.
22/23. Sende ut treningsgebyr barneidrett og ungdomsidrett – blir sendt ut når dei har hatt nokre treningar.

Handlingsplan

Hovudstyret:

Økonomi: Ok

1. Mannskap Dyrsku'n: SIL er godt fornøgde, mange flinke ansvarsvakter og fleire foreldre stilte på dugnaden under sjølve Dyrsku'n i år. 20 stk ekstra meldte seg til dugnad etter SMS oppfordringa som Hans Inge sendte ut etter at me var ferdige med ringerundane.
2. Visma/Klubbadmin: godt fornøgde, ser ut til at alle brukar denne aktivt nå.
3. Ungdomsstyret: er etablert og skal ha sitt første møte ila oktober, då skal dei sette opp eit styre. Hans Inge er med å hjelper dei i starten.
4. Vaksentrim: Er i gang, har hatt ei trening, dårleg oppmøte, (mogeleg pga striregn) men ein håpar og trur dette vil ta seg opp etterkvart. Har fått avtale med to instruktørar frå HiT, Bø som kjem fast.
5. Registrere aktivitet: Ser ut til at fleir og fleir ser nytteverdien av dette, har blitt betre. Oppfordrar styreleiarane i undergruppene til å ta dette opp med trenarane sine.
6. Idrettsfritidsordning: Tellef og Hans Inge skal i møte med Ronde Schade frå kommunen ang dette 10.11.17. Planen er oppstart hausten 2018.



Fotballgruppa:

Økonomi: Ok

Fråfall, men Hans Inge rapporterar litt:

1. Kvalitetsklubb – Klubbhandboka er ferdig, blir lagt ut på SIL sine heimesider.
3. Rammer rundt fotballen i SIL – Kiosken er i drift under kampane, har kome i gang med Vipps. Skilt vert sett opp ved vegen for å annonsere kampar.

Handballgruppa:

Økonomi: ok

Har starta opp med treningar.

2. Rekruttering: Har hatt Kick-off samling på Granvin, her møtte det 29 born. G8 og J8 er med i aktivitetsserie, elles er det 2 lag med i serien, J11 og J13. Nytt damelag har også starta opp – 20 stk møtte på første trening!
3. Heimekampar: Har fått tilbakemeldingar på at det kanskje er litt dyrt, dersom det er slik at borna som kjem for å sjå kampar også må betale 50,- kroner, som dei vaksne, i Inngangsbillett. Grete tek opp dette på styremøte i handballgruppa i morgo.

Elles planlegg dei basar på jolemarknaden i november.

Skigruppa:

Økonomi: Bra! Har skaffa sponsormidlar sjølve.

Stille nå, styremøte denne veka, oppstart skitrening etter høstferien.

1. Rekruttering – er få aktive innan gruppa, men to medlemmer (Brynjar Heggelund og Thomas Øverland) har vore veldig aktive i sommar og deltatt på diverse løp.
2. Drikkbart vatn i Raudkleiv- dette er eit stort problem ein ennå ikkje har finne ei løysing på. Fleire har vore inni bildet utan att ein har kunna utbedra det. Det jobbast med saken.
4. Garasjeanlegg Raudkleiv – er godt i gang, dessverre dårleg oppmøte på dugnadssida. Mogeleg ein må leige inn litt ekstra hjelp, det er rom for dette økonomisk.

Friidrettsgruppa:

Fråfall, men Hans Inge rapporterar litt:

4. Trening – Det har vore ei trening i veka i friidrettsgruppa for born, over 100 ungar har vore innom ila sesongen. Har avslutta for vinteren.
I tillegg har Hans Inge tatt initiativ til ei løpegruppe for vaksne, trening kvar onsdag, oppstart for 14 dagar sidan.

Sykkelgruppa:

Økonomi: Ok.

Slit litt med rekrutteringa, kjem inn forslag om å ta kontakt med sykkelgruppa i Bø for eit evt samarbeid. Henk ser på dette. Skal ha styremøte i Oktober.

Ymse:

Det har kome inn eit kostnadsoverslag frå fotballgruppa v/Kai Arne Slåkvik, ang brøyting av kunstgrasbanen på Eventyrøy. Denne saken blir utsatt til ein har betre oversikt over økonomien i laget. Ein ønsker også ein grundigare utgreiing på kva slags konsekvensar dette evt vil ha for korken på banen.

Neste møte blir man 06.11.2017 kl. 19.00.